



# Årsrapport

Ungdomspanelet 2020/2021



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# UNGDOMSPANELET I MØRE OG ROMSDAL



2020/2021

- Ung Medverknad

Ungdomspanelet har i perioden hatt 8 møte.  
Ungdomspanelet har behandla totalt 24 saker og møta  
har vore spreidd over heile fylket. Ungdomspanelet har  
delteke på møte i fleire hovudutval, særleg i  
utdanningsutvalet der dei har talerett. Elles har  
ungdomspanelet også delteke aktivt i andre råd og  
utvalsmøte, til dømes i samferdselsutvalet og i kultur-  
næring og folkehelseutvalet. Ungdomspanelet har også  
gitt høyringssvar der dei har sett grunn til det, samt  
arbeida spesielt med Ungdommens Berekraftmål.

# Ungdommens fylkesting 2020

## UNG MEDVERKNAD

### NÆRARE 50 SAMFUNNSENGASJERTE UNGDOM SAMLA

Kvar haust inviterer ungdomspanelet to ungdommar frå kvar kommune i Møre og Romsdal til ei helg kor dagsaktuelle saker som opptek ungdommane blir tatt opp. Representantane er i alderen 13 – 23 år og det er vanlegvis lik fordeling mellom gutter og jenter. Med eit tett program og 13 saker på saklista blei det ei innhaldsrik helg, med mellom anna heftige debattar og eit spennande val.



Delegatane på ungdommens fylkesting i Kristiansund 2020

# Ungdomspanelet

Ungdomspanelet blir valt av ungdommens fylkesting og har 9 faste medlemer og 5 varamedlem. Nestlearen som vart vald under tingsamlinga valde å trekke seg frå vervet, og i mars vart det derfor vald ein ny nestleiar blant dei faste medlemmane. Frå mars 2018 til november 2018, hadde ungdomspanelet ei slik samansetjing;

## Medlem:

- Hedda Haugen, Sunndal (leiar)
- John Moldver Salthammer, Vestnes (nestleiar)
- Nikola Bileska, Averøy
- Joakim Myklebost Tangen, Gjemnes
- Emily Stangvik, Surnadal
- Reidar André Heilevang, Hustadvika
- Erica Ruiz, Ulsteinvik
- Jens Aklestad, Fjord
- Gyda Ulrikke Waagbø, Molde



## Varamedlem:

- Ester Annie Hermansen Brende, Smøla
- Julia Pater-Walderhaug, Ålesund
- Niels Leenders, Møre og Romsdal Idrettskrets
- Vilde Solbakken Kvalvik, Kristiansund
- Elina Karvinen, Fjord



# Årets ungdomskommune 2020

## HERØY KOMMUNE

Prisen Årets ungdomskommune skal gå til ein kommune som har utmerka seg ved å:

- Legge til rette for medverknad for ungdom
- Skape gode møtestadar for ungdom
- Bidrar til eit allsidig fritidstilbod for ungdom
- På anna vis har gjort særskilt innsats for ungdom i kommunen

Under ungdommens fylkesting 2020 vart det fremma 2 forslag til "Årets Ungdomskommune": Molde og Herøy. Begge fekk 15 minutt til å presentere arbeidet som blir gjort for ungdom i kommunen sin, og argumentere for kvifor nettopp deira kommune skal få tittelen "Årets ungdomskommune". Etter presentasjonane vart det votert fram at ungdommens fylkesting utpeika Herøy kommune til Årets ungdomskommune i 2020.



Prisen til Årets ungdomskommune er på kroner 10 000, og den vart delt ut på Fosnavåg Konserthus.

## Ungdomsmidlane

Ungdomspanelet fordeler ungdomsmidlane to gonger i året, på til saman kroner 250 000. Midlane blir fordelt på ulike klubbar, lag og foreiningar som bidrar til ungdomsengasjement, aktivitet og prosjekt for unge i Møre og Romsdal. I denne perioden vart dei tildelt i januar og april 2021. Ein del av søknadane er på summar langt større enn beløpet ungdomspanelet har til


fordeling. Ungdomspanelet har difor valt å gi tilskot som er mindre enn søknadssummen til fleire av søkerane, og har måtte avslå ein del søknadar. Likevel får mange lag, foreiningar og klubbar nyttig støtte som bidrar godt til å drive gode tiltak for unge i fylket. Døme på nokon av aktivitetane som har fått tildeling denne perioden er:

- Støtte til ungdomsråd og fritidsklubbar
- Utstyr til ungdomsaktiviteter
- Støtte til skuleteater

## Deltaking på kurs, møter og konferansar

- Nyttårskonferansen 2020
- North Sea Youth Conference
- Dialogforum med familie og likestillingsminister Kjell Ingolf Ropstad
- Møteplass folkehelse: Ung psykisk helse
- Fleire samarbeidsmøter med Framtidslabben og The North West
- Fleire møter i arbeidsgruppa for nasjonalt ungdomsråd
- Inn på tunet – alternativ opplæringsarena
- Møte for ny fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal
- Folkemøte, nytt ferjeleie Eidsdal-Linge
- Møte med Møre og Romsdal 2025

I tillegg til vår deltaking på kurs, møter og konferansar m.m. har medlemmane i ungdomspanelet vore aktive å møte i hovudutvala. Ungdomspanelet har møtt mest i samferdselsutvalet, utdanning og kompetanseutvalet, samt kultur- næring og folkehelseutvalet.



### UNGDOMSPANELET HAR I 2020-2021 ARBEIDD SPESIELT MED:

- Ungdommens bærekraftsmål
- Arbeidet med nyttårskonferansen
- Delteke i arbeidsgruppa for nasjonalt ungdomsråd

### OPPSUMMERING

Under ungdommens fylkesting 2020 såg ungdomspanelet at det var hensiktsmessig å korte ned handlingsprogrammet. Etter det har ungdomspanelet hatt tre hovudsatsingar. I 2020/ 2021 var desse samferdsel,

oppvekst, klima og miljø. Ungdomspanelet meiner dei har følgt opp desse tre hovudpunkta på ein god måte, og de fleste sakene har blitt følgt opp. I tillegg har handlingsprogrammet fire hovudsatsingar: medverknad, kollektivtransport, kultur- og fritidstilbod og marknadsføring.

**Samferdsel**

- Fremma ønske om lågutsleppsbussar og/eller mini-bussar på ruter med få passasjerar.

**Oppvekst:**

- Sette lys på problem i helsesektoren under Ungdommens Spørretime.

**Klima og Miljø**

- Vore med på å utarbeida Ungdommens berekraftmål i samarbeid med Framtidslabben i Ålesund og The North West
- Deltatt i panelsamtale om klima under opninga av Klimafestivalen i Molde
- Drive lobbyverksemnd
- Oppretta dialog med Natur og Ungdom
- Promotert gjenbruk gjennom ungdommens berekraftmål

Leiar Hedda Haugen  
Nestleiar John Moldver Salthammer  
Ungdomspanelet i Møre og Romsdal fylkeskommune



## Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)  
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
Web: [mrfylke.no](http://mrfylke.no)